


Sjekkliste for kartlegging

Bruk lista som støtte for kartlegging før og etter lesing. Ha merkemda retta mot eleven og teksten under sjølve lesinga. Sjå på lista og legg merke til kva eleven meistarar og kva eleven strevar med. Bruk gjerne lydopptak av lesinga.



Korleis er motivasjonen til eleven?

Korleis synest eleven det er å lære å lese?

- Opplever eleven meistring i lesinga?
- Har eleven lyst til å avslutte undervegs eller har eleven driv til å lese heile teksten?
- Viser eleven engasjement gjennom kroppslege reaksjonar? (Til dømes ler, sukker, ristar på hovudet.)

Korleis synest eleven det er å lese denne teksten for deg?

- Kva i teksten vekker interesse hos eleven? (Til dømes handlinga, karakterane, illustrasjonane og temaet.)
- Har teksten passeleg vanskegrad?

Kva tenkjer eleven om teksten?

Leseflyt

- Les eleven med flyt slik at tempo og innleving passar til innhaldet?

Leseforståing

- Tenkjer eleven høgt eller kommenterer handlinga undervegs?
- Kan eleven gjenfortelje kva teksten handlar om?
- Kan eleven fortelje noko frå teksten som ikkje er støtta av bilde?
- Kan eleven forstå noko som ikkje er sagt direkte i teksten (lese mellom linjene)?

Korleis løyser eleven problem?

Er eleven bevisst på si eiga lesing?

- Hoppar eleven over ord eller les ord feil, utan å leggje merke til det?
- Stoppar eleven opp og korrigerer seg sjølv?
- Spør eleven om kva ord eller setningar betyr?

Brukar eleven strategiar for å rette seg sjølv?

- Ser eleven på bokstavar eller på delar av ordet? Les eleven på nytt?
- Gjettar eleven på ord eller endingar?
- Finn eleven ordet frå illustrasjonane?
- Les eleven vidare for å finne svar?

Korleis les eleven ord og setningar?

Bokstavkunnskap

- Er eleven sikker på å kople alle lydane og bokstavane?

Korleis les eleven ord?

- Trekkjer eleven lydar saman til ord?
- Kjenner eleven igjen stavingar eller delar av ord?
- Kjenner eleven igjen vanlege ord eller deler opp ukjente eller lengre ord?
- Kjenner eleven igjen ord som vart lesne tidlegare i teksten?

Er det eit mønster i kva for ord som vanskelege å lese?

- Diftongar (ei, øy, ai, au, oi)
- Konsonantgrupper (sk, tr, sp)
- Komplekse grafem (skj, kj, sj, hj, gj, ng)
- Dobbel konsonant